



Notat

Dato: 27.09.2016
Arkivsak: 2016/412-25
Saksbehandlar: knudjuv

Til: Utval for miljø og samferdsel

Frå: Fylkesrådmannen

Svar på spørsmål om trailervelt i Austevoll

I møtebok for Misa frå 7. september er det teke inn følgjande oversending frå representanten Synnøve Solbakken (A):

Ein trailer velta utfor vegen på Storebø sist veke.

Dette er den mest trafikkerte strekninga i området, og vegen manglar god nok fundamentering og sig derfor ut i kantane. Store bilar har velta same stad tidlegare, og folket er urolege for skulebuss og annan trafikk som køyrer denne vegen dagleg.

Har fylkeskommunen planar for utbetring av denne fylkesvegen? Ligg dette i ei prioriteringsliste?

For strekninga Fv 546 Storebø – Eidsbøen på Austevoll som er 1,9 km, ligg det føre eit forprosjekt. Vegen ligg på øvrig fylkesvegnett og er 1,5 meter for smal. Reguleringsplan ligg inne i plan og byggeprogrammet for 2016 som vart vedteke av fylkestinget i desember 2015 og skal startast opp i haust. Planen vil ha fokus på utbetring av vegen og gang og sykkelveg. Tiltaket har ikkje finansiering, men vedteken plan er ein føresetnad for bygging.